Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 15.11.2023
Vår ref: 2018/1571
Dykkar dato:
Dykkar ref:

HARDINGSMOLT AS
Lysevegen 20
5620 TØRVIKBYGD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gunn Helen Henne, 5764 3140

Rapport frå tilsyn med Hardingsmolt AS

Kontrollnummer 2023.231.I. SFVL

Deltakarar

Frå verksemda: Frode Sandven
Frå Statsforvaltaren i Vestland: Gunn Helen Henne og Julie Marie Andersen. I tillegg tre observatørar.

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå tilsyn med Hardingsmolt AS sitt landbaserte akvakulturanlegg på lokaliteten Tørvikvatnet den 15.06.2023. Ved ein feil frå vår side vart ikkje rapporten sendt ut like etter tilsynet, slik den skulle. Vi er lei for det. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 2 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen.

- Avvik 1: Verksemda har brote vilkår og fristar som gjeld miljøgranskingar
- Avvik 2: Verksemda sin internkontroll har manglar

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten.
Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2.

Med helsing

Julie Marie Andersen
seniorrådgjevar

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Kvam herad Grovagjelet 16 5600 NORHEIMSUND

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: **HARDINGSMOLT AS**	Org.nr: 989867202
Bransjenr. (NACE-kode): 03.222 - Produksjon av yngel og settefisk i ferskvannsbasert akvakultur	

Kontrollert eining

Namn: **Tørvikvatnet**	Anleggsnr.: 4622.0051.03
Kommune: Kvam herad	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Laksefiskproduksjon på land	
Løyve gitt: 21.01.2021	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år, men også ei oppfølging av akuttutsleppshendinga ved anlegget i 2022.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Utsleppsløyvet, vilkår om utslepp og reinsing
- Internkontroll
- Slamhandtering
- Akuttutslepp av «plastchips» i 2022

Definisjonar

- **Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.
- **Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.
- **Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Hardingsmolt AS pliktar å rette opp avvik som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. Statsforvaltaren føreset at tilhøva vert retta opp slik at verksemda vert driven i samsvar med krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova.

Vi ser med dette på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda 15.06.2023. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av vår ressursbruk må Hardingsmolt AS betale eit gebyr på kr 30 000,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn som varer i inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett
Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Statsforvaltaren har funne to avvik på dette tilsynet:

Avvik 1: Verksemda har brote vilkår og fristar som gjeld miljøgranskingar

Avvik frå:
Utsleppsløyvet, vilkår 12 om miljøovervaking

Kommentar til regelverket:
Løyvet frå januar 2021 sette vilkår om miljøovervaking på botn og i vassøyla i resipienten innan to år, og at det skulle sendast inn eit overvakingsprogram til Statsforvaltaren minst 3 månader før gjennomføring. For overvaking av makroalgar i strandsona vart det sett ein frist for å sende inn ein overvakingsplan til Statsforvaltaren innan utgangen av 2021.

Våre observasjonar på tilsynet:
Hardingsmolt AS har ikkje sendt inn planar for miljøovervaking innan fristane som vart sett i løyvet, og har ikkje gjennomført nye miljøgranskingar etter at løyvet vart gitt i 2021.

Status i november 2023: Ein plan for miljøovervaking i resipienten rundt utsleppspunktet og i strandsona er sendt inn, og overvakinga vert vurdert vidare som eiga sak.

Avvik 2: Verksemda sin internkontroll har manglar

Avvik frå:
Internkontrollforskrifta, § 5, 2. ledd, punkt 4, 6 og 7
Utsleppsløyvet, vilkår 2.7 om internkontroll og vilkår 11.4 om program for utsleppskontroll

Kommentar til regelverket:
Internkontrollforskrifta § 5 krev at verksemder skal ha ein internkontroll som er tilpassa verksemda sin art, aktivitetar, risikoforhold og storleik. Internkontrollen skal dokumenterast i den form og det omfang som er nødvendig.

Internkontrollforskrifta set m.a. krav om at de skal:

- *«iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhets- lovgivningen»* (§ 5, 2. ledd punkt 7)
- *«kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene»* (§ 5, 2. ledd punkt 6)
- *«fastsette mål for helse, miljø og sikkerhet»* (§ 5, 2. ledd punkt 4)

Alle desse punkta skal vere dokumentert skriftleg.

I utsleppsløyvet er det presisert at verksemda pliktar å etablere internkontroll for drifta si, at denne skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet og relevant miljøregelverk, og at den skal vere oppdatert. Verksemda pliktar vidare å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen for forureining.

I utsleppsløyvet er det sett krav om at verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll. I programmet skal verksemda gjere greie for kartlagde utslepp (punkt 11.1 i vilkåra til løyvet), gjennomføring av utsleppskontrollen (punkt 11.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 11.3).

Målsetjingar som gjeld verksemda sin påverknad på ytre miljø, må byggje på risikovurderingane og bidra til verksemda sitt systematiske arbeid med å redusere miljøavtrykket frå sin aktivitet.

Internkontrollen må ha system som fangar opp, rettar og førebyggjer avvik. Dette skal også omfatte miljøovervakinga: at miljøgranskingar blir gjort til rett tid og på rett måte, og at planar og resultat vert sendt inn til rett tid og på rett måte.

Våre observasjonar på tilsynet:

- Verksemda har ikkje eit dokumentert program for utsleppskontroll. Prøvetaking som grunnlag for utsleppskontrollen og rapportering til Statsforvaltaren verkar å ha vore gjennomført på ein OK måte i praksis, men det er ikkje utarbeidd ein skriftleg rutine for dette arbeidet, eller sett opp ein fast prøvetakingsplan. Det er ein person åleine som har hatt ansvar for dette. Eineansvar og mangel på skriftlegheit vil gjere det vanskelegare å sikre at det vert gjort på same måte, dersom andre må overta oppgåva på kort varsel.

- Innrapporterte data til Statsforvaltaren i årsrapporten for 2022, var ikkje identiske med data som de presenterte i tilsynet. Dette tyder på mangelfulle rutinar for kvalitetssikring av data før rapportering.

- Avvikssystemet dykkar har ikkje fanga opp at fristen for plan og gjennomføring av miljøgransking var broten, jf. avvik 1.

- Risikovurderingane dykkar var lite detaljerte. Dette gjer det vanskeleg å arbeide systematisk med å redusere risiko for ytre miljø gjennom tiltak og handlingsplanar.

- De har ikkje sett dykk spesifikke miljømål for ytre miljø.

7. Merknader

Statsforvaltaren har ikkje gitt merknader ved dette tilsynet.

8. Andre tilhøve

Akuttutslepp av «plastchips» i 2022
Hendinga vart følgt opp av verksemda, som vurderer at dei fekk samla opp 80-90 % av det som vart sleppt ut. Nye rutinar er på plass for å sikre korrekt varsling og å hindre at slike utslepp skal kunne skje igjen.

Avfallsplanar i hamner
Vi gjer merksam på at alle kaiar og hamner som tek imot eksterne båtar, pliktar å ha ein avfallsplan for hamna. Dette vart ikkje kontrollert ved tilsynet med Hardingsmolt.

I kapittel 20 i forureiningsforskrifta er det krav om at alle hamner skal ha ein avfallsplan der avfallsmengde, avfallstype og mottaksordning for avfall frå skip og båtar er vurdert. Kravet til avfallsplan gjeld alle typar hamner uavhengig av storleik, aktivitet eller føremål. Kravet har vore gjeldande frå 2014. Det er hamneansvarleg som skal sørge for at hamna har godkjent avfallsplan og avfallsmottak i tråd med planen. Hamneansvarleg er den som driv hamna. Om ingen driv hamna, er eigaren hamneansvarleg. Avfallsplanen skal godkjennast av Statsforvaltaren.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve etter forureiningslova for landbasert akvakulturproduksjon på lokaliteten Tørvikvatnet – Hardingsmolt AS, datert 21.01.2021 (utsleppsløyvet)